

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 02.03.2017  
**SAKSHANDSAMAR:** Anne Kristin Kleiven  
**SAKA GJELD:** **Høyring av Helse 2035 - strategi for Helse Vest RHF**

**ARKIVSAK:** 2017/644  
**STYRESAK:** **021/2017**

**STYREMØTE:** **24.03.2017**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

- 1 – Utkast til strategi for Helse Vest RHF – Helse Vest 2035 gir eit godt grunnlag for å utvikle Pasientens helseteneste.
- 2 – Mange av tiltaksområda treng ei regional samordning og styring viss måla i strategiutkastet skal nåast.
- 3 – Den vedlagde uttalen blir lagt til grunn med dei merknadar som kom fram i styremøtet.

## Oppsummering

Utkast til Helse 2035 – strategi for Helse Vest peikar på at spesialisthelsetenesta på vestlandet står framfor omfattande endringar i planperioden. Dokumentet skal skape forståing for kva tenesta står framfor. Det løftar fram viktige strategiske område og gir føringar som må detaljerast i ytterlegare planverk.

Høyringsfristen er sett til 10. april 2017. Det er lagt opp til å handsame strategien i føretaksstyret 11. mai 2017.

## Fakta

Helse 2035 er ei omfattande revidering av Helse 2020 og rettar seg etter føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan. Strategien er overordna og løftar fram viktige strategiske område der det blir store endringar i planperioden. Den peikar på utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter fram til 2035. Innanfor 12 utvalde tema er det peika på nødvendige tiltaksområde som må arbeidast vidare med framover.

I strategiutkastet blir det peika på at spesialisthelsetenesta på Vestlandet står framfor store endringar og utfordringar, og at det må takast omfattande grep i den komande strategiperioden. Det blir ein betydeleg vekst i lidingar som kreft, kols, demens, diabetes, overvekt og rus. Dei eldre vil utgjere ein stadig større del av befolkninga og skape ein stor vekst i tal pasientar. Samstundes vil truleg tilgangen på økonomiske og menneskelege ressursar bli knappare.

Føremålet med strategidokumentet er å skape forståing for dei viktigaste utviklingstrekka framover, og behovet for endringar. Det skal gje føringar for arbeidet vidare. Detaljeringa av dei ulike tiltaksområda må mellom anna skje i regionale fag- og funksjonsplanar og i lokale strategiar og planar.

Fleire premissar ligg til grunn i strategien. Vi skal:

- › jobbe for å utvikle pasienten si helseteneste
- › dekkje alle dei fire hovudoppgåvene våre: pasientbehandling og diagnostikk, utdanning, forskning og opplæring
- › utøve samfunnsansvaret vårt på ein rettvis måte
- › fornye, forenkle, standardisere og forbetre
- › auke pasienttryggleiken, forbetre kvaliteten og unngå variasjon
- › gjere heilskaplege prioriteringar basert på faglege vurderingar og vedtekne kriterium
- › styrkje tenestene innanfor rusbehandling og psykisk helsevern
- › betre oppgåvedelinga og samhandlinga mellom yrkesgrupper, fagområde og organisasjonar
- › sikre berekraftige fagmiljø, god struktur og formålstenleg arbeidsdeling
- › utdanne, rekruttere og nytte helsepersonell med rett kompetanse
- › framleis vere opptekne av helse, berekraftig miljø og tryggleik (HMS)
- › vere aktive og framtidsretta når vi utviklar og bruker ny teknologi
- › spele på lag og ha ein open og god kommunikasjon mellom medarbeidarar og leiarar, der ein legg vekt på samspel og gjensidig tillit
- › byggje finansiell styrke, økonomisk berekraft og handlingsrom

## Kommentarar

Utkastet til strategidokument for Helse Vest framstår som eit overordna og lettfatteleg dokument med god struktur. Det tek ikkje på seg å løyse dei mange utfordringane spesialisthelsetenesta står overfor, men løftar dei fram i lyset og gir ei retning for kva som må jobbast vidare med.

Ei aldrende befolkning gir ei framtidig vekst i tal pasientar som blir skildra som «formidabel». Samstundes blir tilgangen på ressursar «langt strammare». I same periode er det naturleg at behandlingsmetodar og legemiddel utviklar seg. Ein kan sjå føre seg at større forventningar frå fleire pasientar skal handterast med mindre ressursar.

Ambisjonane er likevel klare; Pasientens helseteneste skal utviklast. Pasientane skal vere trygge på at dei får den hjelpa dei treng, blir tekne godt i vare og skal ha ei aktiv rolle i eiga behandling. Behandlinga skal også vere av høg kvalitet, utan uønskt variasjon.

Utviklinga, slik den er skissert, er samanfallande med Nasjonal helse og sjukehusplan. Den er også i tråd med det Helse Førde har lagt opp til i verksemdsmessig utviklingsplan og i arbeidet med å skape Pasientens helseteneste i Sogn og Fjordane.

Strategien peikar på 12 tema med to-tre tiltaksområde på kvart:

Tema	Tiltaksområde
Kvalitet og pasienttryggleik	<ul style="list-style-type: none"> <li>› Førebyggjande tiltak og arbeid mot antibiotikaresistens</li> <li>› Standardisering og prosessforbetring</li> <li>› Kvalitetsleiing og bruk av indikatorar</li> </ul>
Kommunikasjon og prioritering	<ul style="list-style-type: none"> <li>› Oppfølging av brukarerfaringar og klinisk kvalitet</li> <li>› Tilrettelegging for pasientmedverknad</li> <li>› Berekraftige prioriteringar</li> </ul>
Pasientar med fleire sjukdommar	<ul style="list-style-type: none"> <li>› Pasientorientert teneste og struktur</li> <li>› Tverrfaglege og heilskaplege pasientforløp</li> <li>› Breiddekompetanse og koordinering</li> </ul>
Standardiserte pasientforløp	<ul style="list-style-type: none"> <li>› Metodikk og rammeverk for standardisering</li> <li>› Implementering og bruk av standardiserte pasientforløp</li> </ul>
Eit einskapleg helsevesen	<ul style="list-style-type: none"> <li>› Samhandling på tvers av organisatoriske og faglege grensegangar</li> <li>› Formålstenleg ansvars- og oppgåvedeling</li> </ul>
Strategisk samspel med dei private	<ul style="list-style-type: none"> <li>› Samordning med private aktørar i helsesektoren</li> <li>› Behovsstyrte og innovasjonsfremjande samarbeidsavtalar</li> </ul>
Auka verdiskaping	<ul style="list-style-type: none"> <li>› Endringskultur og realisering av gevinstar</li> <li>› Pasientmedverknad og eigeninnsats</li> <li>› Automatisering og teknologidrivne løysingar</li> </ul>
Spesialisthelsetenester utanfor sjukehus	<ul style="list-style-type: none"> <li>› Spesialistkompetanse og teknologi utanfor sjukehusa</li> <li>› Samarbeid mellom pasienten, kommunen, fastlegen og spesialisten</li> <li>› Kommunikasjon og informasjonsdeling</li> </ul>
Forskning, innovasjon og teknologi	<ul style="list-style-type: none"> <li>› Koordinert forskingsinnsats</li> <li>› Innovasjon og anvend teknologi</li> </ul>
Våre medarbeidarar	<ul style="list-style-type: none"> <li>› Aktivitets- og behovsstyrt bemanning</li> <li>› Spesialisering, digitalisering og pasientkontakt</li> <li>› Samarbeid med utdanningssektoren</li> </ul>
Leiarskap	<ul style="list-style-type: none"> <li>› Endringsleiing og teknologi</li> <li>› Rekruttering og utvikling av leiarar og medarbeidarar</li> <li>› Samspel og nettverksutvikling</li> </ul>
Struktur og organisering	<ul style="list-style-type: none"> <li>› Sjukehus i team og nettverk</li> <li>› Strategisk bruk av støttetjenester og støtteselskapa</li> </ul>

Dokumentet kunne gått djupare inn i kvar problemstilling, men det ville skapt eit langt mindre tilgjengeleg dokument. Utfrå føremålet verkar dette som ei fornuftig tilnærming; det

verkelege arbeidet startar i den vidare utgreiinga, og ikkje minst gjennomføringa, av dei ulike tiltaksområda.

Det skal skje gjennom regionale funksjons- og fagplanar og i lokale planar og strategiar. Svært mange av dei skisserte tiltaksområda krev også ei regional eller nasjonal tilnærming. Det er viktig at Helse Vest føl opp desse områda, anten det skjer gjennom ei regional styring eller samordning.

## **Konklusjon**

Utkast til Helse 2035 – strategi for Helse Vest er eit godt utgangspunkt som rammeverktøy for vidare arbeid. Som det er lagt opp til må styringssignala detaljerast i anna planverktøy. Det er viktig at dette ikkje berre skjer innan enkelte fag og i det lokale helseføretak, men også i regionale tverrgåande prosessar.

Vedlegg:

1. Høyringsutkast
2. Helse 2035 – strategi for Helse Vest